

TRESFJORD PENSJONISTLAG

OPPSUMMERING FRÅ MØTE 25.04.2024 – 6 BORD MED CA 35 DELTAKARAR

Alle deltakarane var fordelt på bord med seks personar. For kvart spørsmål skulle dei først reflektere sjølv, så presentere for dei andre i gruppa.

SAMANDRAG

Vestnes er kjend for vakker natur og gode friluftsmoglegheiter. Innbyggerane set pris på nærleiken til fjell og sjø, noko som gir gode moglegheiter for ulike turaktivitetar både vinter og sommar. Mange trekkjer fram eit rikt kulturliv, med stor frivilligheit og mange lag og organisasjonar. I tillegg er eit godt utbygd sentrum med gode handlemoglegheiter ein styrke for kommunen.

For framtida ønsker dei livskraftige bygder med god alderssamansetning. Bufelleskap for både unge og eldre, og tilrettelegging for unge familiar er blant måla. I tillegg blir det lagt vekt på å forbetre folkehelsa gjennom gode turmoglegheiter og turveggar, og å oppretthalde og styrkje kulturlivet gjennom kulturhus og andre sosiale møteplassar.

For å oppnå måla trenger kommunen godt samarbeid og positivitet. Vi må spele kvarandre gode! Det er viktig med rimelegare bustader og ein sterk kommuneøkonomi. Fleire drosjar og rimelege kollektive løysingar er også nødvendig for å oppretthalde livskraftige bygder.

Likevel står kommunen ovanfor utfordringar som dårleg kommuneøkonomi, mangel på menneskelege ressursar, og mangel på samarbeid mellom bygdelaga. Mangel på attraktive tomter og dårlege prioriteringar er òg blant hindringane som kan stoppe utviklinga.

På neste side kan du sjå ein oversikt over alle innspela:

Innspela som har blitt nemnt flest gonger er utheva med feit skrift.

STYRKER/KVA ER BRA I VESTNES?

- **Fin natur med mange fine turstiar og skiløyper** (Nemnt av fleire personar i alle grupper)
- **Rikt kulturliv med mange lag og organisasjonar** (Nemnt av alle grupper)
- **Eit godt utbygd sentrum med alt vi treng av tenester** (Nemnt av 5 personar)
- Sentral geografisk plassering (Nemnt av 3 personar)
- Mange arbeidsplassar (Nemnt av 3 personar)
- Aktivt og variert næringsliv (Nemnt av 2 personar)
- Flott varmebasseng
- Godt utbygde helsetenester
- Flott drosjetilbod for ungdom (heim for ein 50-lapp)
- Bra kollektivtilbod
- Fin kommune å bu i
- Gode naboar
- Bra brøytemannskap
- Oversikteleg – ikkje for stor
- Trygt å bu – lite kriminalitet
- Stå-på-folk! Vi vil bu der vi bur
- Vi kjenner oss heime i bygdene. Trivst best der.
- Bra med fødselar i sørlege del av kommunen
- Gjermundnes vidaregåande skule

KOR VIL VI? KVA MÅL/VISJONAR/PLANAR HAR VI REALISERT INNAN 2036?

- **Livskraftige bygder butikkar, skule og barnehagar.**(Nemnt av 6 personar)
- **Gode lågterskel turstiar med gode turbeskrivingar** inkludert ny turveg Fagervik – Tresfjord kyrkje (Nemnt av 5 personar)
- **Bufellesskap både for unge og eldre** - også i bygdene (Nemnt av 4 personar)
- Hjelp dei som ikkje har familie, slik at dei har nokon dei kan stole på
- «Ei lita ei på lur» som kjem og hjelper ved behov
- God bemanning på institusjonane
- Nok sjukeheims plassar
- Legge til rette for unge i etableringsfasen slik at unge vel å behalde barn i mors liv.
- Ha fleire unge familiar
- God tilgang på regulerte bustadtomter slik at det er fort gjort å få eigen bustad
- Tilrettelegging for arbeidsplassar/innbyggjarar
- Lempelege reguleringsplanar
- Gode nettsider som er lette å finne fram i
- Kulturhus i sentrum
- Har gode vegar med god asfalt
- Badstuer i fleire bygdelag
- Minnelund
- Ungdomsklubb

KVA TRENG VI FOR Å NÅ DESSE MÅLA?

- **Godt samarbeid** der alle deler av kommunen drar i same retning, spiller kvarandre gode og unner kvarandre suksess (Nemnt av fleire personar i alle gruppene)
- **Varierte og rimelege bustadtilbod** i alle bygdelag, med leilegheiter, byggeklare tomter, bufellesskap og utbetringstilskott slik at fleire kan bu heime. (Nemnt av 6 personar)
- **Berekraftig økonomi og større overføringar frå staten.** (Nemnt av 5 personar)
- Betre og rimelegare offentleg kommunikasjon og fleire drosjer (Nemnt av 4 personar)
- Ny felles ungdomsskule (Nemnt av 2 personar)
- Eit sterkt og bra sentrum styrker bygdene (Nemnt av 2 personar)
- Leiare med gode kvalitetar
- God skule
- Unngå bruk av vikarar og fleire faste tilsette i 100% stillingar
- Fleire hender
- Smidig saksbehandling
- Fleire arbeidsplassar i utkantane – spesielt for kvinner
- Planane i kommunen må vere dekkande for alle deler av kommunen
- Vegar så vi kjem oss fram. – Betre vedlikehald i alle deler av kommunen
- God og sterke bedrifter
- Ikkje eigedomsskatt i bygdene
- Ny E136 gjennom Øvstedalen til Måndalen (Rauma) – gir bompengar til bygda
- Eige bilverkstad i Tresfjorden
- Frivilligheit
- Betre oppfølging av dei som er sjuke og aleine utan familie
- Gode sosiale møteplassar
- Gode helsetenester

KVA KAN HINDRE OSS I NÅ MÅLA?

- **Dårleg kommuneøkonomi og låge overføringar frå staten** (Nemnt av 6 personar)
- **Mangel på menneskelege ressursar** (Nemnt av 4 personar)
- **Mangel på samarbeid mellom bygdelaga** (Nemnt av 3 personar)
- Tapsprosjekt å bygge hus på landsbygda
- Mangel på attraktive tomter
- Dårlege prioriteringar
- Sjukdom og plagar
- Vanskeleg å bygge for turisme
- Administrasjonen tenker sentralisering. – Alt skal til Helland
- Vi er for lite stolte av det vi har
- Møreaksen/Rassikring er berre tull
- Utflytting av ungdommar
- Dårleg fastlegedekning
- Lite butikkar for unge